

Søndagsskuleborn med basar til hjelp for born i Uganda.

05.03.2016



Frå eit tidlegare besøk av Elisabeth Fauskanger.

**Nelly Kjærland og medarbeidarane hennar gjer mykje godt arbeid for ulike barnegrupper i bedehuset. Mandag har Gullivergjengen og Tårnagentane basar kl.17. Inntektene skal vera til hjelp for fattige born i Uganda. På basaren deltar også Elisabeth Fauskanger. Ho er søndagsskulekoordinator i krinsen.**

Gullivergjengen og Tårnagentane er to grupper med søndagsskuleborn. Dei er delt inn etter alder der Gullivergjengen er yngst og Tårnagentane er litt eldre. Nelly Kjærland fortel at søndagsskulen har eit misjonsprosjektprosjekt som heiter **Barn hjelper barn i Uganda**.

- Vi har utruleg mykje å lære av å ha kontakt med dette arbeidet. Dei har lite, og er så utruleg glade for det vesle dei får, fortel Nelly om prosjektet og legg til at på basaren vil dei visa ein filmsnutt frå Uganda.

På basaren vert det salg av både årar og andre lodd. Det vert servering av muffins, saft og kaffi. Arrangørane håpar mange møter opp på basaren som er eit koseleg arrangement for heile familien. Om nokon vil gje åregevinstar, set dei stor pris på det.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Arkivfoto: Ola Matti Mathisen